

Høyringsuttale til NOU 2015:2 frå leiarforum for PPT i Møre og Romsdal.

Leiarforum for PPT i Møre og Romsdal ser svært positivt på den tilliten og anerkjennelsen som PPT blir vist av Djupedalutvalget gjennom NOU 2015:2. Vi ser det som stadfesting av kompetansen i tenesten. Leiarforum ser også positivt på den endringa og presiseringa av PPT mandat som det vert gjort framlegg om.

Leiarforum for PPT i Møre og Romsdal vel å kome med uttale om følgjande punkt:

- Vi er glade for at utvalet foreslår å endre PPT sitt mandat til å gjelde organisasjon- og systemtiltak for alle elevar. Vi ser m.a. at mange barn og unge kjem i ein sårbar situasjon fordi dei ikkje mesitrar skulearbeidet sitt. PPT ønskjer å bli oppfatta som ein teneste som kan samarbeide med barnehagar og skular, og som kan tenkje heilheitleg om skulemiljø. Vi ønskjer å støtte barnehagar og skuler til å bli i stand til å arbeide sjølvstending med tiltak for gode oppvekst- og læringsmiljø.
- Utvida mandat som omfattar større del av elevgrunnlaget og oppbygging av kompetanse på området, vil også auke forventningar og krav til PPT sin kapasitet. Det er store lokale variasjonar i bemanning og kompetanse. Dette kan svekke likeverdet på tenestene elevar og skular mottar. På bakgrunn av dette ber vi om at ein ser på fastsetting av kompetansekrav og bemanningsnorm for PPT.
- Vi støttar forslaget om å flytte kravet om pp-teneste til § 13-10, - krav til forsvarleg system i kommunen.
- Tverrfagleg innsats er sentral for å lukkast med arbeidet for eit betre skulemiljø. PPT har eit særleg mandat knytt til systemarbeid i skulen. I meldinga er det vist til at skulehelsetenesta også må inn i arbeidet mot mobbing. Vi støttar dette, men vil peike på at rolleavklaring vil vere sentralt for å kunne utnytte tidsressursar og kompetanse på best mogeleg måte.
- For at PPT skal kunne vere ei pedagogisk-psykologisk teneste, må det leggjast betre til rette for å kunne få psykologar til å søke seg inn og bli i tenesten. Dette er ei utfordring for mange kontor i mindre sentrale strøk. Det er lagt til rette for å styrke helsetenesta med tilskott til psykolog. Ei ordning der desse også kunne ha tilsetting i PPT, ville avhjelpe situasjonen ved fleire kontor.
- Vi er positive til forslaget om barneombodet som klageinstans i saker som gjeld barnas psykososiale skulemiljø. Vi ser at dette vil i større grad kunne sikre likebehandling, og at fylkesmannen vil ha ei meir avklart rolle med omsyn til tilsyn og

PPT lederforum Møre og Romsdal

retteleiing. Terskelen for at barn sjølv vil kunne melde frå om forhold som belastar dei, kan bli lågare. Korleis samarbeidet og kommunikasjonen skal gå mellom Barneombodet og dei einskilte kommunane, bør avklarast betre.

- Vi vil peike på at Statped er PPT sitt viktigaste faglege, pedagogiske støttesystem, i særleg grad med omsyn til lavfrekvente og samansette utfordringar. Vi ber derfor om at ein vurderer å tilføre friske midlar til styrkinga av pp-tenesta, slik det er foreslått for skulehelsetenesten.
- Utvalget har omtalt sitt dilemma knytt til avgrensing av mandat, der mobbing i barnehagar ikkje er med. Leiarforum i Møre og Romsdal støtter dette synet og vil peike på behovet for utredning av spørsmålet også på barnehagefeltet. Ved ei eventuell utredning, ber vi også om vurdering av PPT sitt mandat knytt til barns psykososiale miljø i barnehage.
- Utvalget foreslår ei satsing på område knytt til § 9a i opplæringslova. Leiarforum opplever at det er ulikt i kva grad skuleeigar engasjerer og inkluderer PPT i tilsvarende kompetanseoppbygging og satsingar. På bakgrunn av forslaget om utvida mandat for PPT, vil vi derfor sjå svært positivt på at mandat og forventningar til tenesta bli tydeleggjort i grunnlagsdokumenta.

02.06.15

Tormod Sandvik

Leder PPT Lederforum Møre og Romsdal

tormod.sandvik@pptnordmore.no

(tlf. 0047 90093205)